

Referat KFU-møte

17.03.2021 – Nettmøte

19:00-21:45

Oppmøte

Ingeborg Espeland Grinde
Geir Are Strømnaess
Ørjan Stubhaug
Ingunn Rørvik
Arne Eikeland
Pål Hegland
Ingunn Rørvik
Trine Renate Vallestad
Olaug Anette Fauske
Sølvi Catrin Berg Hestvik

Steinar Kleppe
Trude Hansen Folkestad
Marit Solveig Nedrebø
Roger Eide
Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes
Espen Loe Haukedal
Elisabet Tefre
Hildegunn Hoff Hana
Linda Sølberg Størøy
Gunvor Bjordal Solvik

Terje Sekse Horne
Åge Stafsnes
Gjestar:
Aina Drage
Norunn Lunde Furnes
Lillian Vassbotten
Tove Nedrebø
Bengt Johan Bengtsson
Odd Helge Vågseth
Bjarne Brudevoll

24-20/21 – Mobbing og psykisk helse (Sak frå Sekretær KFU)

Marit Solveig presenterar saken. Vedlagt til dette referatet vil det være bakgrunnsinformasjon med linkar til ulike, relevante saker.

Foreldre som tok opp i Firda at barn hadde blitt mobba utan at skulen hadde tatt tak. Statsforvaltaren hadde erkjent at skulen ikkje hadde gjort jobben sin.

50-60.000 barn opplever mobbing kvart år. Mange øydelagde liv.

(Definisjonar av mobbing)

Fleire utfordringar som ikkje dagens vaksne har «erfaring» med frå sin barndom. Dette som resultat av tilgang til internett og sosiale medier.

Den som blir mobba opplever store utfordringa medan personen blir mobba. Ofte heng mobbinga igjen heile ungdommen og inn i vaksenlivet. Dette kan gje psykiske problem og utfordringar med å komme seg inn og forbli i arbeidslivet.

Det er ikkje berre den som mobbar som kan oppleve negative konsekvensar. Også den som mobbar kan utvikle antisosial og kriminell oppførsel.

FØREBYGGANDE TILTAK ER VIKTIG!

Barn skal lære seg å meistre liva sine. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Dersom ikkje trygt og godt §9.4 – Skulen har ei aktivitetsplikt.

Dersom det blir oppdaga noko skal det utarbeidast ein skrifteleg aktivitetsplan.

Regelverket er meint for å beskytte og bevare barna for å kunne få ei god og trygg framtid.

Dersom det skjer ting på skulen som påverkar skulemiljøet har skulen faktisk ei plikt til å ta tak i dette.

Dei som har blitt fysisk mobba har moglegeins hatt eit pusterom i løpet av det siste året med CoViD-tiltak. Men dei barna som opplever nettmobbing har hatt det like tøft.

Viser også at mange som blir mobba også har større sannsynlighet å bli utsett for vald i heimen.

Dette er noko vi må jobbe konstant med. Det er ikkje noko som kan løysast over natta, men må være i fokus heile vegen

Kommentar frå Åge Stafsnes:

God innleiing til eit viktig tema. Åge vil trygge KFU om at dette er eit tema som Sunnfjord Kommune jobbar mykje med og har hatt eit to-års program med blant anna kompetanseheving. Alle må jobbe saman om dette. Det er eit stort problem og eit samfunnsproblem. Og det einaste som duger er nulltoleranse.

Førre veke vart det starta opp ei gruppe med fire lærarar og fire rektorar samt tillitsvalde. Dei skal utforme eit dokument som ta føre seg korleis kommunen skal jobbe med mobbing i Sunnfjord (ferdig til Åge til sommaren). Åge vil presentere dette dokumentet for KFU til hausten.

Skulemiljøutvalet (SMU) er eit avgjerande utval der skulane kan jobbe saman mot mobbing. Dette kan gi ei felles tilnærming til problemstillinga. Åge oppfordrar foreldre om å bruke SMU aktivt.

Kommentar frå Ingunn Røyrvik:

Foreldre må takast inn i problemstillinga og dei må ha dialog med sine eigne barn. Viktig at foreldre er med på kampen for å få alle partar inkludert. Bodskaopen må gå ned frå KFU til FAU og Foreldremøter.

Kommentar frå Gunvor Bjordal Solvik

I kor stor grad kan foreldre få vite om mobbesaker om skule? Svar frå Åge. SMU kan jobbe med og behandle heilt ned på enkeltsaker.

Sak 25-20/21 «Saman for trygge og gode miljø» Orientering frå Mobbeombodet i Vestland, Aina Drage,

Mange gode punkt og moment frå Marit Solveig. Aina vil ikkje kommentere alle dei.

Foreldre (via FAU) har rett til å stille krav til skulen om å jobbe aktivt mot mobbing.

Skuleringa som Åge Stafsnes nemner... Det er gjort ei heilheitleg vurdering av alle tiltak som er gjort i Noreg. Dette inngår i skuleringa, og det er foreslått at skuleringa skal fortsette.

Presentasjon

Bakgrunnen til Aina Drag inkludert kunnskapsgrunnlag.

Mobbeombodet er eit lågterskeltilbod med mandat å trygge (skule)kvardagen til barn og unge.

Støttar og rettleiar barn, elevar og føresette. Informasjon og opplæring.

Evaluering frå 2020 viser at ombodsfunksjonen har ei effekt for de som nyttar seg av tilbodet, men ordninga er lite kjent.

Totalt 180 førespurnadar. 71% frå grunnskulen (Spesielt 6. trinn). Mange forteller at mobbing og utfordringar starta allereie i barnehagen. Mange opplever det som utfordrande å forholde seg til dette. Barn gir opp dersom foreldre og vaksne gir opp. Mistar trua på vaksne og utviklar sine eigne måtar å handtere mobbing.

Dersom skulane ikkje har gode verktøy for handtering blir det retningslaust frå skulen si side og foreldre og vaksne byrjar å prøve å løyse problemet utanfor skulen.

Mobbesaker er veldig ofte veldig kompliserte. Veldig sjelden ei enkelt, definert mobbesak. Ofte ulike tolkingar av mobbesituasjonen og steile partar.

Mobbeombodet oppfordrar alle skulane til å ha tilsette (ideelt alle) med kompetanse til å ta imot elevar som forteller om mobbing samt kompetanse om tiltak.

Eit spissa kompetanseteam på skulane kan være viktig for å ta tak i mobbing tidleg.

Ofte er det vanskeleg å klargjere og definere kva krenking og mobbing var. Er det ei handling eller ei oppleving. Ofte hårfine skiljer og viktig å ha klare definisjonar.

Krenking

- «Litt må du vel tåle» «Må bli litt robust»
 - Ulike barn (og vaksne) handterer dette ulkt.
- Krenking er både ei handling og oppleving
- Krenking kan skje bevisst eller ubevisst.
- Allereie krenka barn kan oppleve krenking lettare enn andre barn



Nøklar for å lukkast med aktivitetsplikt:

- Komme tidleg inn i saka
- Rask Handsaming
- God kontakt med heimen

Dette krev at skulen har og er trygge på eigne retningslinjer.

Aina Drage meiner at Sunnfjord Kommune er gode på dette.

Spørsmål frå Trude Hansen Folkestad

Heilt konkrete råd til foreldre som står i ein sak. Ikkje snakk om paragrafar og retningslinjer, men meir praktiske råd korleis ein faktisk skal handtere mobbesaker og korleis vi foreldre kan kople oss på.

Aina kjem gjerne på besøk på FAU for å auke kompetansen blant foreldre.

Kommentar frå Åge Stafsnes

Fokus på gode haldningar mellom foreldre i diskusjonen rundt mobbing. Foreldre må ta det seriøst når barn vil snakke med dette og ta seg tida dersom barna ynskjer å snakke om mobbing heime. Ikkje mobbe eller å snakke stygt om andre heime. Viktig at foreldre ikkje går inn i modus med å bastant hevde at sitt eige barn ikkje mobbar andre dersom dette blir teke opp av skulen eller andre foreldre.

Sak 26-20/21– Orientering frå SLT i Sunnfjordkommune

SLT er ein samordingsmodell for samordning av tiltak mot rus og kriminalitet. Dette for at tiltaka skal bli samkjørt og målretta.

Modell som er anbefalt frå sentralt hold. <https://www.kriminalitetsforebygging.no/SLT>

Hovudvekt på ungdomsskule, men med tanke på nettbruk ser det at dei må være mykje tidlegare på ballen enn ungdomsskulen.

SLT-gruppa har møte ein gong i veka. Dei ynskjer å ha detaljert oversikt over kva som skjer i ungdomsmiljøet. Kva har politiet sett ute i helga? Kva har utekontakta (Tove Nedrebø) sett? SLT føler det er viktig å ha god oversikt for å kunne handle raskt.

Sånn sett den einaste gruppa som har kontakt mellom grunnskule og vidaregåande skule. Mange gode innspel frå vidaregåande skule.

Dei har også med seg helsestasjonar, barnevern, PPT, og alle representantar som jobbar opp mot barn og unge.

Plan for SLT i Sunnfjord Kommune. Denne planen ligg ute på internett. Dei har laga seg innsatsområder med fokus på 2020-2024 med eit eige årshjul i SLT der blant anna møter med foreldremøter, FAU, skular osv ligger. Her blir det også opplyst om kva for satsingsområder dei har.

Det er fokus på russefeiring, fordi det er viktig for SLT at russefeiringa opplevast (og er) trygg for elevane.

Tove Nedrebø er utekontakt i Sunnfjord Kommune (2018 -). Jobbe med forebyggande arbeid. 13-23 år, og stillinga ligg under psykisk vern og rus i Sunnfjord Kommune.

Kva er risikofaktorane for å havne i miljø med tung rus? Veldig mykje handlar om mobbing og vald i barndommen og utrygge heimeforhold. Det er viktig for barna at dei har noko å gjere på på ettermiddagane slik at dei har innhald ut over skulen. Heim-Skule-Fritid er viktig.

Ute og møter skulane på torsdagar og fredagar. Dette byggjer opp til lågterskel og dei håpar at elevane kjem og pratar med dei og forteller om kva som skjer. Dei ynskjer å bli kjent med barn og ungdommar. Har også ofte med seg politi for å normalisere dette og skape tillit til politiet.

Også tilgjengeleg på Snapchat og instagram. Dei opplever at ungdom tykkjer det er enklare å ta kontakt gjennom den type plattform.

SLT har også kontakter i næringslivet for å få til distribusjon av sommarjobbar.

Johan Bengtson forklarar om korleis dei gjennomførte UKM og om ungdomsklubben i Førde. Her kan elevane gjere lekser og kjøpe billig middag. Ope frå 14:30 til 20:00. Det er fleire andre småstader der dei ynskjer å opprette ungdomsklubb, lengst har dei kom i Naustdal og Sande. Avhengig av finansiering vil klubbane opprettast i 2022. Klubbane må ha ansatte som kan og har erfaring med å prate med ungdom om vanskelege ting. Taushetsplikt er viktig.

Odd Helge Vågset. Ein av to politikontakter i Sunnfjord. Dei har som målsetning å jobbe førebyggjande, og dette er eitt av politiet sitt hovudfokus generelt.

Rusreformen

- Dersom politiet får opplysningar om at ein ungdom (feks 15-16 år) vankar i rusmiljø har politiet moglegheit til å kalle inn til møte med foreldre og eleven. Snakkar med ungdommen, og dersom det viser seg at ungdommen har prøvd noko blir det ikkje automatisk oppretta straffesak, men heller ei kartlegging for å finne ut kvifor. Ungdommen kan inngå ei kontrakt med politet. Ungdommen vil ikkje få forelegg noko som var heilt vanleg før. Oppfølging er ein fellesnemnar.
- Ofte kan skule og barnevern være viktige samarbeidspartnarar.
- Målet er å stoppe eit påbegynnande rusproblem. Dette er det viktigaste for den enkelte og heile samfunnet.
- Dersom rusreforma blir vedtatt slik den føreligger no, vil politiet miste mykje ressursar for å oppdage rusmisbruk. Politiet må då kanskje ty til ransakingsordre for å kunne grave i bruk og distribusjon heller enn samtalar med unge.

Bjarne (politikontakt Nettbruk). Det blir meir og meir unge jenter som sender ut nakenbileter av seg sjølv mot betaling frå andre. Dei kan også bytte nakenbilder mot alkohol og tobakk. Dette er unge jenter ofte ned mot 13 år.. Dei kan være inne på åpne chattar der dei kan møte tilsynelatende jevnaldrende som til sist viser seg å være vaksne personar. Dei blir ofte omtalt som *Sugar Daddies* som ofte har fleire jenter dei har kontakt med.

Mobbing på internett har ført til anmeldelsar. Utfordringar no er at det ofte er på anonyme chatte-grupper (eller appar). Kan ofte være veldig vanskeleg å spore dei ansvarlege. Det betingar at forholdet ofte blir anmeldt fort.

Dei har sett saker og ting på for eksempel TikTok med hærverk og ulovleg oppførsel. Dette følger politiet opp.

Elevar oppsøker internettsider med ekstremt innhold. Både heime og på skulen. Kripos utarbeider no ei liste over nettsider som dei ynskjer at skulane skal sperre på skulane sine nettverk.

Er det opening for at KFU er med i nettverksgruppa?

Ja, det kan være aktuelt..men nettverksgruppa har begynt å bli ganske stor. Framover vil det blir meir og meir digitale nettverksmøter. Ikkje problem å kople på representantar frå KFU. Lillian er veldig positiv til å ha foreldre i gruppa då dei er avhengige av god kontakt med foreldre.

27-20/21– Orientering frå Utval for oppveksti Sunnfjord kommune,Leiar Norunn Lunde Furnes

11 politikarar frå ulike parti. Utvalet har eksistert i 1.5 år og det er heilt nytt for alle i utvalet. Det som skiller utvalet frå for eksempel KFU er at dei er eit meir formelt organ. Dei kan jobbe meir på systemsnivå for at for eksempel skuleansatte er skulert og at budsjetta svarar til det som må gjerast.

Dei har også ansvar for vaksenopplæring og flyktingarbeid. Dei har også vore med på skulestruktursaka.

Dei hadde som mål å reise rundt i heile Sunnfjord og legge møta til skulane for å bli betre kjent. Dette gjorde dei før CoViD slo til, og dei var for eksempel i Naustdal og fekk møte skule og SFO i både Naustdal og Vevring.

Dei jobbar med uteområder og det å bevilge nok ressursar til gode og trygge uteområder.

Mobbing er noko også utvalet er opptatt av. Dei er ikkje i ein posisjon der dei faktisk kan gjere noko, men dei har ansvar for at elevane skal ha ein trygg og god skulekvardag. Utvalet legger etter beste evne til rette for dette.

Utvalet ynskjer å styrke samarbeidet mot KFU då vi har overlappande interesser.

Når Utvalet skal fatte vedtak eller komme med uttaling i ein sak...Blir det henta inn meir informasjon eller blir det berre fatta ut frå det som er innrapportert? Kor mykje undersøking blir gjort.

Avhenger av kor omfattande ei sak er. Nokre saker er enkle medan andre er meir komplekse. Norunn meiner dei er flinke til å byggje opp sakene på ein god måte med innspel frå aktuelle partar.

28-20/21– FB-reglement (Sak frå FAU Sande skule)

Hadde ei sak for ei stund sidan der eit innlegg på Facebook-sider vart sletta då det var noko på kanten. Det vart klart at Facebook-sidene for klassane vart administrert og moderert ulikt frå klasse til klasse. Nokre sider vart moderert av foreldre og nokre av lærarar. Det vart arbeida fram retningslinjer for korleis Facebook-sidene skulle styrast.

Sande skule vart einige om at sidene skulle være foreldrestyrte, og lærarane kunne bruke sidene dersom dei ønska det, og til å dele triviell informasjon.

Åge syns det er eit godt initiativ å ha retningslinjer for Facebook-grupper, og at det er fint at det er foreldre tar initiativ til.

Det er ikkje alle foreldre som har Facebook. Det er viktig at dette ikkje blir informasjonskanalen mellom skule og heim.

Fordel at lærarar er på Facebook, men det skal ikkje være krav om at lærarane skal svare på spørsmål for foreldre her.

Facebook-side-reglar for Sande Skule:

Bakgrunn for dette forslaget:

Klassesidene på facebook er lukka grupper som inkluderer foreldre i den klassen det gjeld.

Dette er i god plattform for raskt å dele informasjon som vedkjem klassen.

Vi ser no etter fleire år med bruk at desse gruppene blir administrert og brukt ulikt og det er behov for å lage rettleiar for bruk av desse gruppene på ein måte som er forankra i FAU og skulen.

Det blir fremja at teksten under blir lagt som festa vedlegg i alle facebook-klassesider ved Sande skule som rettleiar for bruk av sida. I tillegg vil dette ligge på FAU sine sider på heimesida for Sande skule. Dette kan vurderast og endrast etterkvart og etter behov.

Teksten er forankra i FAU og leiinga ved Sande skule:

Klassegruppa på facebook er ei foreldrestyrt lukka gruppe for foreldrene som er administrert av FAU representantane/ klassekontaktane i den klassen det gjeld. (2 pr klasse) aktuelle lærarar er velkommen inn i gruppa. Elevar skal ikkje inkluderast i gruppa. Innlegg i gruppa treng ikkje å godkjennast før dei blir lagt ut, men kan bli sletta dersom dei bryt reglane for sida. (sjå under)

Denne sida kan brukast til å:

- Informere om FAU saker, eller melde inn aktuelle saker til FAU
- Invitere til sosiale eventer for klassen (td bursdag eller andre aktivitetar for klassen på fritida)
- Dele informasjon om lekser og anna aktuelt for klassen (td der noken har mista eller ikkje har lekseplanen)
- Minne om møter eller andre eventer på skulen
- Informasjon som blir lagt ut i gruppa skal ikkje delast ut av gruppa

Lærarar har ikkje krav om å dele informasjon på sida, men kan om han/ho ønsker det gjere dette. Identifiserbare bilder vert som hovudregel delt i Teams.

Innlegg som kan verke støtande eller innheld sensitiv informasjon om elevar, foreldre eller tilsette ved skulen vil kunne bli sletta av administrator av gruppa.

Dersom ein skal slette eit innlegg skal det være semje mellom administratorane. Ved usemje eller usikkerheit kan det konfererast med FAU-leiar og evt FAU styret.

Sak 29-20/21 Evaluering, status og tilbakemelding; skulebruksplanen/prosessen (Alle i KFU)

Av alle FAU-innspel som var komt såg det ikkje ut som om nokon endringar var gjort. Kommentar frå Ørjan Stubhaug ved Flatene Skule. Dersom FAU skal involverast bør det forventast at FAU blir høyrte. FAU hadde dialog gjennom rektor, og hadde inntrykk at dei skulle ha innspel til planen. Åge seier at det berre var enkelte delar av planen som var ute på Høyring.

Ingunn Røyrvik føler det har vore ein dårleg prosess der foreldre hadde lite innverknad. Ho føler at avgjerelsane vart tekne på «bakrommet» i forkant. Enkelt saker har gått framføre felleskapet. Elevar vart flytta undervegs i prosessen og det står veldig få elevar igjen. Korleis kan ein behandle enkeltøknadar midt i prosessen? Folk var redde for å havne på «feil» skule.

Åge kan ikkje kommentere på denne saken då han meiner det er enkelt saker.

Det vart litt fram og tilbake i denne saken, og Åge ville ikkje kommentere på det i og med at det er ein enkelt sak. Frøysland føler at saken har skapt splid i bygda og det opplevast som veldig frustrerande.

Roger Eide (Leiar i KFU) har fått mange henvendelsar om frustrerte foreldre som ikkje opplever å bli høyrte i denne saken.

Vevring Skule er fornøgde med at bygda er samla i kva dei meiner, og dei er fornøgde med at det var godt oppmøte frå Formannskapet. Vevring Skule fekk eit anna utfall enn det som var innstillinga (Skulen vart beslutta spart til fase 2).

Det var lite diskutert i prosessen kor krinsane var. Politkarane har tilsynelatande misforstått det innlegget som kom frå foreldregruppa på Bruland. Det vart presentert at det skulle være alle eller ingen på Bruland som vart ombefatta av krinsendringa. Dei føler at saka om krinsgrenser har drukna litt i alle dei andre sakene, og denne saka er også viktig.

Pål frå Halbrend Skule er redd for at alle elevane samlast på sentrumsskulane utenom Halbrend Skule. Dette fordi mange av dei mindre skulane ser ut til å gå frå Halbrend til Sentrum-skulane. Åge kommenterar at dette er noko som vil bli sett på i 2025.

Skuleskyss for Karstad-elevane. Blir det sett opp anna skuleskyss enn det som er no? Åge seier at det er snakka med Skyss/Kringom om at det skal settast opp eit betre skyss-alternativ enn det som eksisterar no.

30-20/21 - Informasjon frå Kommunalsjef skule, Åge Stafnes Spørsmålsrunde og svar

Åge går gjennom forskrifta for krinsgrenser som no er på høyring. Forskrifta skal handsamast i kommunestyret 29.april 2021.

Viser til nettside under for meir informasjon

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/areal-og-byggesak/arealplanlegging/kunngjeringar/hoyring-forskrift-om-skulekrinsgrenser-i-sunnfjord-kommune.16998.aspx>

Sunnfjord Kommune har fått midlar til sommarskule. Tilbod til grunnskule med 5. til 10. som målgruppe. Grunna dette er at 1. til 4. trinn har SFO på sommaren. Men også 1. til 4. vil få eit betre tilbod. Sunnfjord Kommune vil gå saman med idrettslag, og det skal være aktivitetar overalt i kommunen. Det skal, der det er naudsynt, sette opp transport. Det er eit stort arbeid, og det skal tilsetjast ein sommarskulerektor samt studentar som skal gjennomføre. Det blir lagt opp til å være dei to første vekene etter skuleslutt og den siste veka før skulestart.

17. mai-feiring...Det skal komme nasjonale retningslinjer, men det har ikkje komt enda. Råd frå kommunen vil komme i etterkant av dei nasjonale retningslinjene. I følgje kommunelege Furnes ser det utfordrande ut for ei 17. mai feiring.

Enkelte skular legg opp til å ha ei naudløysing for arrangement i tilfelle det skal kunne opnast opp for noko.

Referent

Steinar Kleppe

Vedlegg

Mobbing og psykisk helse 17.03.2021

Av Marit Solveig Nedrebø, sekretær i Sunnfjord KFU

I februar kunne vi lese i avisa Firda, om ein far til to elevar, som stod fram anonymt og fortalde om si oppleving av mobbing av to skulebarn her i Sunnfjord. Og om opplevinga om å ikkje bli tatt på alvor. Difor er dette ei sak som atter ein gong er høgaktuelt.

<https://www.firda.no/da-lars-las-brevet-fra-rektor-blei-han-provosert-eg-foles-skulen-prover-a-skjule-mobbesaka/s/5-15-1168644>

I same artikkel, kunne Statsforvaltaren fortelje at «skulen har ikkje gjort ein god nok jobb». No skal ein ha eit tilsyn ved den aktuelle skulen.

Då tilsynet ikkje er kjent for oss i KFU enno, så vil eg ikkje gå meir inn på denne konkrete artikkelen i Firda.

50-60 000 barn opplever å bli mobba jamleg i Norge. Det vil seie at mellom 2000 og 2400 heile klassar vert mobba. Det er eit veldigstort tal. Og det ligg mange øydelagde liv i kjølvatnet av mobbing. Enkelte vel og å ta sine liv, pga. mobbing.

Og vi har nett høyrte at dette har vi også i Sunnfjord. Difor MÅ vi ha mobbing på dagsorden alltid.

Kva er mobbing, og kva kan det føre med seg?

Dette er utdanningsdirektoratet sin definisjon:

«Mobbing kan for eksempel være:

- å bli baksnakket
- å få spredt et rykte om seg
- å bli holdt utenfor
- å bli presset eller truet til å gjøre ting for andre som en ikke vil
- å bli kalt noe stygt eller få en stygg kommentar for eksempel om utseende, klær, tro, eller dialekt
- å bli slått, dyttet eller pirket på
- å få sekken sin, eller noe annet en eier, kastet rundt
- å ikke få være med i grupper på sosiale medier
- å aldri få kommentarer eller likes på bilder eller andre ting
- å få sårende eller stygge meldinger, bilder og videoer
- at noen sprer bilder eller video av noen som er nakne»

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/hva-er-mobbing/>

Spreiing av bilder utan samtykke, eller bilder av seksuell karakter er også ulovleg. Og kan etterforskast og straffast av politiet.

(Godskole.no og fhi.no er to andre linkar, der ein kan lese om mobbing.

<http://www.godskole.no/mobbing-og-krenkende-atferd/hva-er-mobbing>

<https://www.fhi.no/fp/oppvekst/fakta-om-mobbing-blant-barn-og-unge/>)

Men tilbake til Udir.no sine sider. På første sida der kan ein lese om kva mobbing kan være, og konsekvensane av mobbing:

«Selv om mobbingen har sluttet, kan de som blir mobbet slite mange år etterpå. De kan slite med å konsentrere seg på skolen, og mange kan føle seg triste og ensomme.

Mobbing kan føre til dårlig selvfølelse, ensomhet, psykiske lidelser, sykdom og i verste fall et ønske om å ikke leve lenger.»

Eg har sjølv møtt vaksne, som har sagt: «Hadde eg visst kor mykje spora etter mobbing skulla få hemma livet i vaksen alder, så hadde eg teke livet mitt på ungdomsskulen». Så mobbing er ikkje ein bagatell.

Mobbing kan altså lett føre til svekka psykisk helse, som igjen kan ha innverknad på kva arbeidsliv og inntekt ein får.

På fhi.no står det og:

«Barn og ungdom som blir utsatt for mobbing, har betydelig økt risiko for å utvikle psykiske problemer.

- Risikoen er ofte dobbelt så høy eller mer enn dobbelt så høy blant mobbeofre enn blant de som ikke har vært mobbet, viser en rekke studier.
- Problembelastningen er størst når mobbingen er systematisk og langvarig.

De psykiske problemene hos mobbeofre varer i lang tid, ofte hele livet gjennom. Fosse (2006) fant at nesten 50 prosent av voksne pasienter som søkte hjelp ved en psykiatrisk poliklinikk, hadde vært utsatt for mobbing i skolealder. Jo mer de var blitt mobbet, desto mer depresjon og angst opplevde de i voksen alder.»

.....«I en stor meta-analyse (systematisk forskningsoversikt) av 29 forskjellige studier blir det dokumentert at elever som ble mobbet i skolealder, hadde i gjennomsnitt dobbelt så stor risiko for depresjon og andre relaterte problem ved oppfølging 7 år senere (Ttofi et al., 2011).

Ungdom som i skolealderen mobber andre, har økt risiko for en senere antisosial eller kriminell utvikling (Ttofi et al., 2011; Olweus, 2011). Det viser mange studier. Det er derfor ikke bare det å bli mobbet, men også det å mobbe, som er forbundet med negative langtidskonsekvenser.

- Forebyggende tiltak har sannsynligvis positive effekter både for de som er ofre for mobbing og for de som mobber selv.»

<https://www.fhi.no/fp/oppvekst/fakta-om-mobbing-blant-barn-og-unge/>

(Fleire artiklar med same innhald:

Denne er litt gamal, men den skildrar godt kva risiko ein får ved mobbing:

<https://nhi.no/psykisk-helse/psykiske-lidelser/mobbing-gir-psykiske-problemer/>

Den som vert mobba aukar risiko for psykiske problem som vaksne, og at den som mobbar har auka risiko for å få kriminell åtferd. Dette med at det er auka risiko også for den som mobbar, er det vel ikkje så mykje fokus på.

Mobbing går ut over den som mobber, og den som vert mobba. Ein til artikkel.

<https://forskning.no/mobbing/mobbing-gar-hardt-ut-over-bade-mobberen-og-den-som-blir-mobbet/1566052>)

Ein kan med dette slå fast at mobbing kan føre til psykiske seinskader, og ikkje berre være vanskar/ubehag i notid.

For nokre år sidan hadde VG ein artikkel om ein mann på 43 år, som hadde vorte ufør pga mobbing på skulen. Rekneskapan fortalde at til no så hadde dette uføret kosta samfunnet 16 milionar. Med andre ord, så kostar det ikkje berre på det personlege planet men, også kostnader for samfunnet.

<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/Jm3Wb/jarle-ble-mobbet-for-16-millioner>

Kva rettar har skulebarn? Rettane er forankra i opplæringslova.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

«§ 1-1.

Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

..... «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liv sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng».....

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

9 A-4.

Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.»

Denne aktivitetsplikta når slår den inn?

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017/6.-hva-skal-skolen-gjore-aktivitetsplikten/>

«6.2 Når gjelder aktivitetsplikten?

Aktivitetsplikten utløses når en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø. Ordlyden «trygt og godt skolemiljø» sikter til elevenes psykososiale skolemiljø og retten etter oppl. § 9 A-2. Å ha et trygt og godt skolemiljø omfatter mer enn frihet fra krenkelser. Elevene har rett til et skolemiljø som fremmer helse, trivsel og læring.»

Kva når ting skjer utanfor skoletid? I følge Utdanningsdirektoratet, så vil skulen også kunne komme i aktivitetsplikt når dårleg skulemiljø skuldast ting som har skjedd på fritida.

«Retten til et trygt og godt skulemiljø er ikke avgrenset av årsaken til hvordan elevene har det, jf. Prop. 57 L (2016-2017) punkt 10.1 (Til § 9 A-4). Det som er avgjørende for skolens aktivitetsplikt, er hvordan eleven faktisk opplever å ha det mens han eller hun er på skolen, skolefritidsordningen eller leksehjelpen. **At årsaken til elevens mistrivsel skyldes forhold utenom skoletiden eller utenfor skolens område, begrenser ikke skolens aktivitetsplikt så lenge elevens opplevelse av skulemiljøet påvirkes negativt av det. Dette er særlig aktuelt i forbindelse med digitale krenkelsener. I slike tilfeller skjer krenkelsene typisk utenom skoletiden. Hvis de digitale krenkelsene fører til at eleven opplever mistrivsel ved å være på skolen, utløser dette aktivitetsplikt for skolen selv om krenkelsene har skjedd utenom skoletiden og utenfor skolens område.** Dette går også frem av NOU 2015:2 s. 242 pkt. 15.13. Her heter det at I gjeldende rett har det vært en del usikkerhet om hvor grensen går for skolens ansvar når en ansatt ved skolen har kjennskap til eller mistanke om at en elev har blitt krenket. Dette har særlig vært problematisk når det gjelder digitale krenkelsener som ikke har skjedd i skoletiden, men som har sammenheng med relasjonen de involverte har på skolen. Utvalget mener at dersom det er slik at det er sammenheng mellom relasjonen mellom de involverte og skolen, og det som har skjedd, er en krenkelse av betydning for skolehverdagen, utløses aktivitetsplikten til den ansatte.»

Vi ønskjer at vore born skal ha det bra på skulen. I opplæringslova så kan vi lese om at borna skal få ei opplæring for å gje dei mestring i livet.

Difor så er det ekstra viktig å forebygge mobbing. Både for at borna skal ha det bra på skulen her og no, men ikkje minst for at det er mindre risiko for å utvikle psykiske lidningar og som vi no har høyrte forebygge kriminalitet.

Mobbing kan være veldig øydeleggande både i notid, og for framtida. Difor så må vi gjære alt kva vi kan for å forebygge mobbing. Dette er noko både foreldre, skule og barn må arbeide saman om.

(Fleire artklar frå forskning på temaet:

<https://forskning.no/psykiske-lidelser-barn-og-ungdom/mobbing-dobler-risikoen-for-depresjon/446508>

<https://forskning.no/angst-barn-og-ungdom-mobbing/digital-mobbing-forarsaker-mest-angst/505196>

<https://forskning.no/barn-og-ungdom-mobbing-partner/hvordan-foles-det-a-bli-mobbet-24-timer-i-dognet/1803695>)

No har hatt Korona rundt oss i vel eit år, og mange har fått kvardagen sin totalt om velte. For dei som vert mobba fysisk på skulen, så har dei fått eit pusterom i kvardagen. For dei med digitalmobbing, så er kvardagen like tøff.

Mange barn er også meir utsette for vald i nære relasjonar. Dette er eit anna tema, men eg legg ved nokre artklar på det feltet og i referatet.

Sårbare unge , Røde Kors

https://www.rodekors.no/contentassets/77b143c137b545c994e22b38b6d53f7c/konsekvenser_av_covid19.pdf

Obs på sårbare barn:

<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/AlG6Xz/barneombudet-krever-plan-for-utsatte-barn-etter-hjemmeskole-og-troeblete-skoleaar>